

Velkommen til Bibelsommar i Vest!

Vi ser fram til dagane vi skal ha i lag. Takk for at du vil vere med i bøn om Guds signing over arrangementet.

Takk òg for ditt bidrag til at kvar og ein kan kjenne seg velkommen. Snakk med kvarandre, og involver alle i fellesskapet. Alle har eit ansvar for at Bibelsommar i Vest vert eit godt arrangement å komme til.

Under følgjer informasjon som vi ber deg bli kjend med.

Dagsprogram

08.00-09.30 Flexifrukost

09.45 Bønnemøte. I peisestove

10.30 Bibeltime. Søndag: kl. 10.00

Barnemøte. 8 – 12 år i gymsal. 3 – 7 år i minimatsalen. Barn under 3 år kan vere med foreldra

12.30-13.30: Middag

15.30: Ettermiddagskaffi. Gratis for alle. Ved inngangspartiet eller vatnet.

16.30: Ettermiddagssamlingar/seminar nokre dagar.

17.45 – 18.45: Kveldsmat

19.00: Kveldsmøte

Kaffi. Ikkje inkludert i kosten.

21.00: Ungdomssamling. Ferdig med 7. klasse. Oppmøte trappa ved hovudinngangen.

21.00 – seinast 22.15: Tweenssamling. Ferdig med 4. – 6. klasse. I internatstova eller minimatsal.

23.00: Ro i internatfløya og campingplassen

24.00: Ytterdørene blir låst.

Nokre kveldar etter møte vil det vere uformelle samtale/sang/delesamlingar i peisestova eller møtesalen. Alle aldrar er velkomne.

Oversikt over møte og ettermiddagssamlingar/seminar

Det kan bli endringar på kva dagar det er ettermiddagssamlingar/seminar.

Under desse samlingane vil det vere barnepass i minimatsalen.

Dag	Møte	Taler	Tema
2. Juli	Tir Kveld	Øyvind Samnøy	
3. Juli	Ons Formiddag	Håkon Valen Sendstad	
	Kveld	Lars Kjetil Emblem	
4. Juli	Tor Formiddag	Håkon Valen Sendstad	
	Kveld	Lars Kjetil Emblem	
5. Juli	Fre Formiddag	Håkon Valen Sendstad	
	Kveld	Lars Kjetil Emblem	
6. Juli	Laur Formiddag	Håkon Valen Sendstad	
	Kveld	Lars Kjetil Emblem	
7. Juli	Sun Formiddag	Håkon Valen Sendstad	

Aktivitetstilbod. Barn og ungdom.

Aktivitetstilboda startar normalt kl. 14.00. Informasjon om tilboda kvar dag står på oppslagstavla. Det vert òg informert på bibeltimen. Alle tilbod er sjølvsgatt heilt frivillig.

Nokre av aktivitetane er for alle. Då er det kjekt om så mange som mogleg blir med, også vaksne. Mens andre ting er retta mot bestemte aldersgrupper.

Det er faste ungdomssamlingar på kveldane for alle som er ferdige med 7. klasse og oppover. Desse har òg eige aktivitetstilbod stort sett kvar ettermiddag. Dei eldste ungdommane (18 +) har nokre kveldar eige tilbod.

Dei fleste dagane vil det vere eit "dagens turtips". Her får ein høve til å reise saman med andre til eit bestemt utreisemål. Har ein ikkje bil sjølv, kan ein få skyss med andre. Oppmøte kl. 14.00 v/ inngangen.

Behov for samtale, sjelesorg eller forbøn?

Ta kontakt med nokon av talarane eller leiarane undervegs. I tillegg vil det være nokon på samtale- og bønnerommet til faste tidspunkt:

- Frå ca. kl. 12.00 (etter bibeltimen)
- Får kl. 17.30 mandag - lørdag
- Om ingen kjem etter 15 minuttar, forlét dei rommet.

Bønn og spørsmål

Har du forbønnsemne eller spørsmål? Bruk gjerne spørsmåls- og bønnekassen. Bønneemne blir tatt med på bønneemøta. Spørsmåla tas opp på "spørsmål/svar- samlinga" i løpet av arrangementet. Om du reiser før denne, så skriv det på lappen, slik at spørsmålet kan tas opp på eit møte.

Brukte bøker

Har du bøker du ikkje les lenger, og som kan verte til glede for andre? Ta dei med til Bibelsommar i Vest der kan dei bli selt vidare. Inntekta går til misjonen.

Under møta

- Lyden frå møta vert overført til høgtalarar i minimatsalen, peisestova og matsalen.
- Dei tre bakre radene i møtesalen er reservert til barnefamiljar.
- Det bør vere nokon lunde stille i vestibyle og på hems under møta.

Opptak

- Lyd av talene vert lagt ut på bibelsommar.no.

Mat

- Alle som ikkje har bestilt måltid, må bestille i resepsjonen kvelden før om ein vil ete dagen etter. Bestilling same dag må godkjennast av kjøkenet.
- Etter kveldsmøta vert det servert enkel mat. Den inngår ikkje i kosten. Nokre rettar vert prisa, medan andre dagar vert det sett fram ei korg til betaling. anbefalt pris desse dagane er 30,- pr vaksen og 60,- pr familie. Dette kan òg betalast ved sluttoppgjeret, og via vipps.
- Det er mogleg å laga enkel mat på campingkjøkkenet. Hjelp oss å halde det ryddig og reint.

Leikar og spel

- I gymsal er det ikkje tillat med utesko. Ta eventuelt med gymsko/ sokkar. Foreldre bør minne borna på at dei ryddar opp utstyr som er brukt.
- Båt og kano er gratis. Redningsvest er påbode for alle aldrar. Det skal alltid være ein ansvarleg som har fylt 18 år som er med.
- Utstyr til bordtennis, biljard og airhockey kan ein få i resepsjonen
- Her er òg tilgjengeleg til utlån ulike brettspel og utstyr til uteaktivitetar (kubb, frisbee, bochia, croquet, fotball, vollebyll etc.)
- Det er barneleiker i skapet i hobbyrommet/minimatsalen til fri bruk. Rydd opp etter bruk.

Teknisk

- Temperatur: Dersom du ønskjer at temperaturen på rommet ditt skal regulerast, så ta kontakt med resepsjonen. (Rom 21 – 31 kan justere sjølv på lysbrytar)
- Internatet: Vaskeromma står opne. Her kan søppel kastas, nye søppelposar hentast, og feiebrett lånast.
- Hjelp til å halde det ryddig:
 - Set kaffikoppar på ryddevogn i matsalen
 - Bruk søppelspann til søppel
 - Rydd tilbake utstyr og leikar som har vorte lånt
 - Rydd barneleikene i hobbysalen på plass etter bruk
- Vaskemaskin: 55 kr per vask. Kode fåast i resepsjonen. Tøm raskt maskinen når vasken er ferdig. Bruk gjerne tørkerommet.
- På campingkjøkkenet kan enkel mat lagast. Hjelp oss å halde det ryddig og reint. Alt vaskast opp etter bruk.
- Nettverksnavn til wifi: Lyngmo-guest. Ingen kode
- Nøkkelen til romma passer òg til ytterdøra

Kan du hjelpe?

- Har du lyst til å hjelpe til med bordvask, rydding etc. under arrangementet? Ta kontakt med "husmor/husfar".
- Har du lyst til å hjelpe til med noko anna praktisk vedlikehaldsarbeid på Lyngmo? Ta kontakt med dagleg leiar. Ta gjerne med malingskle.

Utsjekking og betaling

- Utsjekking: seinast klokka 12.00
- Betaling: i resepsjonen i løpet av opphaldet
- Alle deltakarar, inkludert heimebuarar skal betale stemneavgift. Denne går til å dekke arrangementsutgiftene.

Du som bor utanfor Lyngmo:

Vi ønskjer at du som ikkje har fått plass på Lyngmo, men bur utanfor senteret, òg melder deg på som deltakarar på *Bibelsommar i Vest*. Dette fordi vi håper alle som tek del på arrangementet kan bidra med stemneavgift for å få dekkast kostnadane NLM har ved arrangement. I tillegg får du då tilsendt e-post med informasjon til neste års arrangement. - Påmelding kan gjerast i resepsjonen.

Attraksjonar, turar og aktivitetar i nærområdet

Attraksjonar:

Urnes stavkyrkje.

- Norges eldste stavkyrkje, frå 1100 - talet. Står i ei særstilling når det gjeld arkitektur og stilhistorie, eit sentralt verk i norsk kunst og historie. Står på UNESCO si verdsarvliste.
- 3 km til Solvorn. Ferje derifrå. Gangavstand frå ferjeleiet til kyrkja. Ope: 10.30 – 17.45. Informasjon: 57678840.

Vite meir, Kaupanger

- Vitensenter med kjekke aktivitetar: www.vitemeir.no

Lustrabadet, Gaupne

- Flott badeanlegg med mange moglegheiter: www.lustrabadet.no

Heibergske samlingar (Sogn folkemuseum)

- Eit av dei eldste og flottaste folkemuseum i landet. Mange bygningar og stort og flott friluftsområde med full gardsdrift og mange dyr. Attraktivt også for barnefamiljar!
- 20 km sør, mot Kaupanger. Ope 10.00 – 17.00. Onsdagar er det ekstra aktivitetar. Informasjon: 57678206

Veitastrond.

- Naturskjønn og særprega bygd innerst i Veitastrondvatnet. 30 km kjøring nordvest i flott natur!

Anestølen

- 37 km vest for Lyngmo, mot Sogndal/Skei. Ved nordenden av Anestølsvatnet. 450 m.o.h.
- 600 geiter beitar her om sommaren, i tillegg til sauer og kyr.
- Området rundt stølen byr på eit fantastisk turterreng med moglegheiter for både lange og kortare turar.
- Prøve lokal geitost på Selseng Gardsysteri rett før avkøyrsla til Anestølen.

Breheimssenteret i Jostedalen

- Nasjonalparksenter for Jostedalsbreen Nasjonalpark. Utstilling og kafé.
- 48 km nord, mot Gaupne og Jostedalen. Ope 09.00 – 18.00. Informasjon: 57683250

Den norske Bokbyen i Fjærland

- 4 kilometer med bøker for sal i særprega og gamal turistbygd.
- 52 km vest, mot Sogndal og Skei. Ope 10.00 – 18.00. Informasjon: 57692210

Bremuseet i Fjærland

- Museum om brear, klima, og samspelet mennesket og natur. Brukar avansert filmteknikk, interaktive modellar og eksperimentering. For det nysgjerrige mennesket.
- 50 km vest, mot Sogndal og Skei. Ope 09.00 – 19.00. Informasjon: 57693288, 97680228

Bøyabreen, Supphellebreen i Fjærland: Brearmar av Jostedalsbreen med lett tilkomst.

Solvorn. Bygd med særprega gamle bygningar og Norges eldste hotell. 3 km.

Skåri. Særprega gardsbruk.

Bruktbutikk. Artig butikk med mye rart. På veg opp til Molden står skilt til bruktbutikken

Nærøyfjorden, Aurlandsdalen, Vettisfossen, Flåmsbana: Nasjonale og storslåtte attraksjonar på sørsida av Sognefjorden

Fotturar

Molden: Flott topptur på 1100 meter med fantastisk utsikt. Ca. 1,5-2 timer opp. 18 km i bil frå Lyngmo mot Gaupne.

Avkjøring mot Mollandsmarki. Kjør til platået for parkeringsplasser og sti.

Solvorn: Idyllisk spasertur på sti frå Lyngmo, 20 – 30 minuttar. Ikkje eigna for barnevognar

Hafslo: Fin tur som òg er eigna for barnevogn

Tungestølen: Flott turterreng for kortare eller lengre turar. Kjør forbi Veitastrond, til enden av vegen.

Anestølen: Flott turterreng for kortare eller lengre turar

Jotunheimen: Mange flotte turmål i vill og vakker natur med ulik vanskegrad og lengde. Spør Øyvind Samnøy om tips!

Aktivitetar

Badeland, i Lustrabadet Gaupne, 15 km nord. Ope 11.00 – 17.30. Helg 10.00 – 17.00. Informasjon: 57685680

Brevandring, rafting, kajakkur på isbrevatn og guida fjellturar i Jostedalen. Informasjon: Breheimssenteret

Brevandring på Flatebreen, Fjærland. Informasjon: Norsk Bremuseum.

Rafting i Jølstra og Stardalselva. Ca. 85 km øst. 90067070

Turistinformasjon

- i Luster og Sogndal: 94 15 74 88.
- www.sognefjord.no

Spør i kiosken eller leiarane om du treng hjelp!

Talarar og leiarar

Sigurd Brennsæter	Stemneleiar – tysdag – sundag
Mirjam Lid	Aktivitetsarbeidar - tysdag – sundag
Ragnhild Brennsæter	Aktivitetsarbeidar – tysdag - sundag
Øyvind Samnøy	Talar – tysdag, leiar og sjelesorg – tysdag - sundag
Håkon Valen Sendstad	Talar – onsdag - sundag
Lars Kjetil Emblem	Talar - onsdag – sundag
Kjersti Brennsæter	Barnemøter
Trine Lia Sviggum	Vertskap og ansvarleg på Lyngmo - tysdag - sundag

Leiarane har fast leiarsamling kvar dag 09.10 – 09.40.

Ta gjerne kontakt om du har forslag eller ønske til forbetringar eller spørsmål om noko!



LYNGMO



Misjonssambandet